


Kva kan koordinerende eining gjera for deg?



Koordinerende eining

- * skal ha oversikt over tenester som eksisterer i Time kommune
- * formidler kontakt med dei som er aktuelle for deg
- * er ein stad å venda seg til for deg som mottar tenester, tenesteytarar og samarbeidspartnarar
- * sikra at dei ulike tenestene du får fungerer saman for å gje deg god oversikt og eit godt samla tilbod

Dette kan dette vera aktuelt for personar som

- * grunna skade eller sjukdom har eit brått fall i evna til å fungera i dagleglivet
- * treng hjelp frå fleire tenestemråde for å kunna fungera optimalt
- * gradvis har fall i funksjonsevne over lengre tid
- * har medfødt funksjonssvikt
- * har fysiske, psykiske eller sosiale vanskar
- * treng hjelp til å planlegga/meistra nye situasjonar i livet

Koordinator og individuell plan

Er du, eller ein av dine nærmaste, i ein situasjon der du har behov for langvarige og koordinerte tenester, kan du har rett til å få utarbeidd ein individuell plan. Du og den som er koordinator for deg skriv denne i samarbeid, med utgangspunkt i behova og ønskene dine.

Du må senda inn søknadsskjema til koordinerende eining dersom du har behov for dette.

Dersom du har eit behov for koordinering av tenester men ikkje har behov for ein individuell plan, kan du få oppretta ein koordinator av kommunen.



Barnekoordinator

Barnekoordinator er ein rettigheit for familiar som har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og som vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse og omsorgstenester og andre velferdstenester.

Funksjonen barnekoordinator skal

- styrka oppfølginga av barn, unge og deira familiar med samansette behov.
- sikra eit koordinert tenestetilbod med fokus på tverrfagleg samarbeid, samordning, og individuell plan.

Kriterie

- vera under 18 år, gjeld også under svangerskap, ved adopsjon og fosterbarn
- kan vurderast opp til 25 år
- behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdtenester (som NAV, PPT)
- barnet må ha alvorleg sjukdom/skade/nedsett funksjonsevne

Med alvorleg sjukdom er meint tilstandar som kan diagnostiserast som ein spesifikk sjukdom og syndrom eller tilsvarande.

Med skade er meint tilstandar kor uventa hendingar påverkar helsetilstanden på ein negativ måte, for eksempel ulukke eller skade påført gjennom vald. Gjeld også belastningsskadar som for eksempel omsorgssvikt.

Med nedsett funksjonsevne er meint fysisk, psykisk, sosial, sansemessig og kognitiv art.

Aktuelt lovverk

Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-5 c.
Helse- og omsorgstjenesteloven § 7-2 a.

Vil du ha meir informasjon, ta kontakt med

Koordinerande eining
v/Anneth Svela
Postboks 38, 4349 Bryne

tlf. : 402 16 400
e-post: Anneth.Svela@time.kommune.no



Time kommune